



## Alver kommune sin retningslinjer for følgjebevis

(Basert på Bufdir sin *Veiledende nasjonale retningslinjer for ledsagerbevis for funksjonshemmede*)

Formålet med følgjebeviset er å gje funksjonshemma moglegheit til å delta i offentlege kultur-og fritidsarrangement og nytte offentlege transportmiddel i Norge. Følgjebevis gir den funksjonshemma sitt følgje gratis tilgang til aktivitetar, bygningar, transportmiddel og andre som har godkjent ordninga med følgjebevis.

Følgjebevis kan tildelast den som har varig og stort behov for hjelp og tilsyn på grunn av funksjonshemming. Som varig behov reknast minst 2-3 år. Med funksjonshemming meinast som hovudregel den som er rørslehemma, hørselssvekka, synshemma, utviklingshemma eller har alvorleg psykisk sjukdom som og treng følgje for å kunne delta i kultur- og fritidsaktivitetar. Sjukdom i periodar eller svekka helsetilstand pga. høg alder er ikkje nok for å få følgjekort.

Minste alder for å få følgjekort er normalt 8 år. Grunngevinga for alderskravet er at funksjonsfriske barn frå 8 års alder normalt vil kunne delta på aktivitetar/arrangement utan vaksen følgjeperson, medan barn med funksjonshemming framleis vil vere i behov for følgjeperson. Med følgjebevis vil følgjepersonen få gratis tilgang til aktivitetar mv, og beviset bidrar til å utjamne forskjellen i behov for kostnader til følgje for funksjonsfriske og funksjonshemma barn.

Det vert ikkje gjort noko økonomisk behovsprøving i samband med søknaden og ordninga er ikkje knytt opp til om søker er trygda.

Følgjebevis er gratis å få, og vert tildelt for 5 år for personar under 18 år og for 10 år for personar over 18 år.

For den funksjonshemma som til tider er avhengig av fleire følgje, vil dette gå fram av følgjekortet.

Eit følgje er den personen som hjeloer den funksjonshemma ved deltaking på kultur- og fritidsaktivitetar. Mot at den funksjonshemma sjølv løyser ordinær billett, får ho/han ta med seg følgje gratis der følgjekort er akseptert. For ein funksjonshemma som er trygda og har honnørkort, så vil det føre til honnørpris på dei stader som har innført honnørprisordninga.

Den funksjonshemma vel sjølv sitt følgje, som til dømes kan vere ein ven, eit familiemedlem eller ein støttekontakt. Det er eit krav om at følgje må vere fylt 16 år.

Følgjebeviset kan berre nyttast ved dei aktivitetar, bygningar, transportmiddel og andre som har godkjent ordninga, normalt ved at det offentlege symbolet/logoen for følgjekort er satt opp.



LEDSAGERBEVIS FOR  
FUNKSJONSHEMMEDE

Om følgjebeviset vert misleghalden, så vil beviset verte inndrege.